



Arkivnr: 2016/4239-90

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

### Saksframlegg

#### Saksgang

| Utvil         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 29.05.2019 |
| Fylkestinget  |        | 12.06.2019 |

#### Godkjenning av årsrekneskap 2018

##### Samandrag

Rekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2018 vert med dette lagt fram til godkjenning.

**Økonomi:** Rekneskapen for 2018 er historie, men gjennom disponering av overskotet kan ein i noko grad påverke utviklinga i lånegjeld og/eller disposisjonsfond.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

#### Forslag til innstilling

- Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2018 vert godkjend.
- Overskotet på 20,8 mill. kr vert sett av til disposisjonsfond med tanke saldering av 2020-budsjettet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

##### Vedlegg

- 1 Sakshandsaming i kontrollutvalet
- 2 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap 2018 for Hordaland fylkeskommune
- 3 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2018
- 4 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2018
- 5 Årsrekneskap 2018 for Hordaland fylkeskommune

## Fylkesrådmannen, 13.05.2019

### Rekneskapsresultat

Driftsrekneskapen for 2018 vart gjort opp med eit overskot på 20,8 mill. kr.

Netto driftsresultat gjekk ned frå 174,1 mill. kr (2,0 %) i 2017 til 90 mill. kr (1,0 %) i 2018.

### Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

Ein kan gje slikt oversyn over avsetjingar og bruk av disposisjonsfond i 2018:

|                              | Avsetjing | Bruk    | kr 1 000<br>Netto |
|------------------------------|-----------|---------|-------------------|
| Regionalavdelinga            | 60 362    | -554    | 59 808            |
| Kultur                       | 17 059    | -19 722 | -2 663            |
| Tannhelse                    | 0         | -2 587  | -2 587            |
| Opplæring / skolar           | 34 804    | -1 360  | 33 444            |
| Fellesfond (i drift)         | 33 284    |         | 33 284            |
| Fellesfond til investeringar | 53 500    | -53 500 | 0                 |
| Total                        | 199 009   | -77 723 | 121 286           |

Dispositionsfond er auka med 121,3 mill. kr gjennom året. Ei viktig forklaring er avsetjing av havbruksfond, som er vist under regionalavdelinga. Men også opplæring / skolar har hatt ein monaleg auke av dispositionsfonda i 2018. Avsetjinga til «fellesfond» omfattar 25 mill. kr som vart avsett til fond for inndecking av pensjonspremieavvik.

Ved årsskiftet stod det totalt 341,9 mill. kr i dispositionsfond. Dette utgjer 3,6 % av driftsinntektene.

### Investeringsrekneskapen

Det vart investert for 2 838,4 mill. kr. (Summen inkluderer 4,7 mill. kr til prosjekt der fylkeskommunen var «bompengeselskap»). Revidert budsjett var 2 592,3 mill. kr.

Lån var viktigaste finansieringskjelde for investeringane med 991 mill. kr. Bompengar utgjorde 682 mill. kr og statstilskot (til bybaneutbygging, rassikring m.m.) 425 mill. kr.

Når det gjeld meir detaljar om rekneskapen, vert det vist til årsmeldinga og rekneskapshefte.

### Revisjonsmeldinga

I revisjonsmeldinga, datert 15. april 2019, konkluderer revisor slik:

«Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

### Handsaming i kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 07.05.2019. Saksføreleget følgjer som vedlegg til saka. I uttalen frå kontrollutvalet finn ein følgjande oppsummering:

1. Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis er stor og utgjer ved utgangen av 2018 109,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.
2. Sjølv om det er ein liten nedgang i lånegjelda i høve 2017, då talet var 113,4 %, meiner kontrollutvalet at denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein framleis har

trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa gjeldsveksten. Kontrollutvalet er samde med konst. fylkesrådmann at dette ikkje er ei bærekraftig utvikling.

3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2018 vart på 0,96 % medan måltalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet har og merka seg at i 10 av dei siste 11 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
4. Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt, men kontrollutvalet vil samstundes understreka konst. fylkesrådmann si vurdering om at det i tida framover må prioriterast endå tydelegare.
5. Kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere forbettingsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2018 nr. 21, frå Deloitte.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 15.04.2019 og revisjonsrapport 2018, nr. 21, dagsett 15.04.2019, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

#### **Disponering av overskotet**

I følgje § 48 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet.

Sidan 2016 har praksis i Hordaland vore at ein har sett av 50 % av rekneskapsoverskot til finansiering av investeringar. Dette har vore eit av tiltaka for å redusere veksten i lånegjelda.

Fellesnemnda hadde den 13.03.2019 oppe sak om Budsjett 2020 / økonomiplan 2020-2023. Punkt 3 i vedtaket lyder slik:

«Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020.  
Fellesnemnda ber prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodninga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018.»

I samsvar med dette rår fylkesrådmannen til at overskotet i 2018 vert sett av til disposisjonsfond for å nyttast i salderinga av 2020-budsjettet for Vestland fylkeskommune.